

Vår ref.:
26/02313-13

Vår dato:
09.09.26

Referat frå IDF-møte - styresaker - 07.09.2026

Dato: 07.09.2026

Varigheit: frå kl. 12.30 til kl. 14.30

Stad: Teams

Referent: Anne Lone Hovland

Til stades:

Arbeidsgjevar:

Gunnar Yttri	Rektor
Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Anne Lone Hovland	Seniorrådgjevar ved Avdeling for HR

Arbeidstakar:

Gjert Anders Askevold	Forskarforbundet (FF)/UNIO
Marcin Andrzej Fojcik	Akademikerne
Øystein Backelin	Norsk Tenestemannslag (NTL)/LO Stat
Karl-Eric Melander	Parat/YS Stat
Tor Ragnar Hjelmtveit	Utdanningsforbundet (UDF)/UNIO
Olav Christian Ruus	Bisittar Forskarforbundet
Inge Olav Hauge	Hovudverneombod

Saker til styremøte 05/2026, 10.09.2026

Vedtakssaker

29/26-B - Godkjenning av innkalling og saksliste til styremøte 5/2026

Rektor informerte.

30/26-B - Justering av møtedatoer for HVL-styret

Rektor informerte.

31/26-B - Godkjenning av utgreiingsløyve - forsøksordning grunnskulelærerutdanning 1-10

Rektor informerte kort om grunnlaget for søknaden.

Organisasjonane stør forslaget om utgreiingsløyve.

32/26-B - Revisjon av valreglementet

Rektor informerte om valstyret sitt forslag til endringar i valreglementet.

Forskarforbundet (FF) stør forslaget, men hadde kommentarar til språkravet i pkt. 4.1.1. Ein ønskjer at det blir teke inn i formuleringa at nordiske språk skal vera akseptert, ikkje berre norsk.

FF peika vidare på punkt 4.2, om leiarar som ikkje er valbare, og ønskjer ei presisering av dette punktet i høve til kva leiarar som kan veljast.

FF ser det heller ikkje som ønskjeleg om det blir ei opphoping av representantar frå eitt fakultet, og etterlyser ein diskusjon kring dette.

Norsk tenestemannslag (NTL) stør også forslaget frå valstyret. På same måte som FF etterspør dei ein diskusjon kring spørsmålet om representasjon frå fleire fakultet, jf. punkt 3.2.2 i valreglementet.

Akademikerne stør forslaget, men presiserte at også dei vil signalisere eit ønskje om at alle fakultet er representert i styret.

Organisasjonsdirektøren informerte om at valstyret har diskutert problemstillinga med representasjon frå fakulteta, men konkluderte med at spørsmålet har ein meir politisk karakter, som ikkje ligg innanfor valstyret sitt mandat å vurdere. Når det gjeld grensa for kva leiarar som er valbare, har ikkje dette vore tema i valstyret sin revisjon. Grensa er ved leiarar som er i direkte line til rektor, dekanar, prorektorar og direktørar.

33/26-B - Strategisk dimensjonering av studieporteføljen - omfordeling av studieplassar mellom fakultet - drøfting

Rektor informerte om hovudpunkta i saka og korleis ein ser føre seg det vidare arbeidet med saka fram mot vedtak i styremøtet i oktober. Fakulteta sine konsekvensvurderingar bidreg til informasjon i saka slik dei er

mottekne frå fakulteta. Det er likevel for tidleg i prosessen til at rektor ønskjer å kommentere på dei einskilde konsekvensvurderingane no.

Utdanningsforbundet (UDF) meiner saka inneheld ein del upresise framstillingar og feiltolkingar. Dette gjeld særleg formuleringa i avgjerdsnotatet side 5, der det blir hevda at UDF ikkje er samd i at studieporteføljen må tilpassast og at ein må unngå at studieplassar vert trekt attende av KD. Dette er feil. UDF er samd i at studieplassar ikkje må bli trekt attende, men ein er sterkt i mot formuleringar i avgjerdsnotatet som impliserer at dette vil vera følgjene av UDF sine standpunkt. UDF står fast på si oppfatning av at dei føreslegne kutta i lærarutdanningane ikkje vil vera til det beste for institusjonen.

UDF meiner saka også er skeivt framstilt på den måten at KD sine krav berre blir vektlagt når ein snakkar om helse- og teknologifaga, noko ein oppfattar som eit retorisk grep for å leggja press på FLKI om å tilpasse seg. UDF forventar at rektor tek ansvar for heilskapen i saka, og syter for at ringverknadene av kutta kjem tydeleg fram.

UDF deler heller ikkje rektor sitt syn på at avsetjingar, og at det å ta ting over tid, vil dempe konsekvensane for lærarutdanningane. I staden vel ein å stola på dekan ved FLKI, når han seier at eitt kraftig kutt med ein gong vil vere enklare å handtere.

UDF er også kritiske til at rektor ikkje har vurdert kostnadssida ved utdanningane og at saka i for stor grad legg til grunn at rammevilkåra i stillingane kan samanliknast med utgangspunkt i tal tilsette pr. student og i delen førstekompetanse ved utdanningane. UDF meiner at framstillinga ikkje tek omsyn til at utdanningane har ulike kostnadsdrivarar, m.a. knytt til praksis, fagleg breidde og kompetansenivå (bachelor/master). UDF meiner det burde komme tydelegare fram i saka at ein ikkje samanliknar like einingar, at saka ikkje berre handlar om basistildeling, men at det også er skilnader i måten fakulteta prioriterer og tildeler FOU-tid på, m.a. knytt til kompetansekrava i utdanningane.

Forskarforbundet (FF) meiner at saka blir framstilt som eit nullsum-spel der FLKI skal redde FHS og FTMS. Samstundes veit ein at HVL har større avsetjingar, noko som gjer at enkelte stiller spørsmål ved grunnlaget for rektor si tilråding, og kva strategiske val som ligg bak; Handlar det om å byggja ned lærarutdanninga for å byggje opp andre utdanningar, eller handlar det om å byggja ned reservane ved lærarutdanningane? Spørsmåla sender institusjonen ut i ein ugrei situasjon der fakulteta blir sett opp mot kvarandre. Denne knivinga viser seg også i forholdet mellom tilsette i ulike fakultet.

FF ønskjer å setja fokus på den utryggleiken saka medfører for tilsette, som er uroa for arbeidsforholdet sitt i HVL, og etterlyser i den samanheng konsekvensvurderingar kring dei strategiske føringane knytt til «levande campus» og «levande fagmiljø». FF forventar at desse områda blir evaluerte hyppig i løpet av dei 4 åra som omfordelinga skal gjennomførast. FF minner også om det kommunikasjonsbehovet som følgjer i kjølvatnet av denne saka.

FF ser også at det er vanskeleg å samanlikne og gjere tiltak på tvers av fakulteta, i den grad fakulteta i stor grad utviklar seg i eigne retningar. Ein opplever at det er vanskeleg å jobbe for like vilkår for medlemmane i ulike delar av HVL, samstundes som det også kan vere store skilnader internt i fakulteta. FF ser det som uheldig dersom ansvaret for berekrafta i HVL sitt utdanningstilbod blir lagt på FLKI åleine.

Akademikerne sitt utgangspunkt er at det må vera eit samsvar mellom ressursbruken og aktiviteten i HVL, og slik ein oppfattar saka, er den største faren ved å ikkje omfordele at HVL kan miste studieplassar.

Akademikerne understreka behovet for å ivareta fagmiljøa, og oppmodar difor om at saka blir løyst på ein måte som gjer det mogleg å reversere endringane. Ein etterlyser også ei klårare framstilling i saka, av dei konsekvensane omfordelinga kan få for administrasjonen. Akademikerne legg elles til grunn at endringsarbeidet blir gjennomført på ein sakleg og systematisk måte, og i samsvar med dei krava som gjeld for medverknad i omstillingsprosessar.

NTL har også merka seg at det er blitt ei kniving mellom fakulteta. Dei reagerer også på ein del av argumentasjonen i konsekvensvurderingane, særleg den typen overordna argumentasjon som går på

nedlegging av studium. NTL er uroa for at tiltaka vil råke feil og at konsekvensane for dei tilsette blir større dersom nedtrekket kjem ved dei mindre campusane.

NTL peikar også på dei store skilnadane mellom fakulteta og skilnader innad i fakulteta mellom institutta, m.a. at det er ulike prinsipp for fordeling av arbeidstid i arbeidsplanane, noko som også gjer det vanskeleg å planlegga arbeid på tvers av fakulteta. Ein etterspør difor tiltak på HVL-nivå, for å dempe slike konsekvensar.

NTL meiner det også bør gå fram av saka, korleis dei omfordelte midlane skal brukast – kva satsingar som skal prioriterast og kva risikovurderingar som er nødvendige å gjennomføre, t.d. med omsyn til arealsituasjon og kompetansebehov.

HVO hadde kommentarar til formuleringa på side 5 i avgjerdsnotatet, og til oppsummeringa på side. 137, der det står at det er stor grad av semje på tvers av arbeidstakarorganisasjonane og vernetenesta om behovet for å tilpasse studieporteføljen og unngå at studieplassar blir trekt attende». HVO gjorde merksam på at vernetenesta ikkje har teke stilling til dette spørsmålet og at formuleringa difor er feil. HVO opplever heller ikkje at vernetenesta sine risikovurderingar kjem godt nok fram i saka.

Rektor takka for innspela og er medviten om dei krava til medverknad og medbestemming som oppfølging av saka gjev.

Rektor seier at det er læringspunkt for høgskulen i utviklinga av saka, men meiner dei prinsippa som no er lagde fram for styret bør vera retningsgjevande.

Rektor understreka også at det ligg fast i strategien at HVL skal ha tre sterke fakultet og fem levande campus. Det er likevel fakulteta som har dei viktigaste instrumenta i campusutviklinga. Rektor har lest alle konsekvensvurderingane og uttalane nøye, og ønskjer at dei skal informere saka og utviklinga av ho vidare.

34/26-B - Forslag til utviklingsavtale 2027-2030

Rektor informerte.

FF hadde spørsmål til omgrepet «kompetansebudsjett» og kva som ligg i dette.

Rektor svara at ein førebels ikkje har fått nærare informasjon om kva som ligg i kompetansebudsjettet, men at det kjem i statsbudsjettet for 2027.

35/26-B - Styrets evaluering av eige arbeid (studieåret 2025-26)

Rektor informerte.

FF forstår at evalueringa skjer bak lukka dører, men ønskjer at styret likevel kan gje noko meir informasjon om kva som ligg i denne evalueringa.

Orienteringssaker

O-30/26 - Studentopptaket 2026 - status etter studiestart

Rektor orienterte kort om statusen for HVL samla.

Organisasjonane hadde ingen kommentarar til informasjonen.

O-31/26 - Oppfølging personvern

Rektor orienterte kort om behovet for å styrke kapasitet og ansvarslinjer knytt til personvern og informasjonssikkerheit i HVL.

Organisasjonane ser saka i samanheng med saka under, O-32/26, om sensitive forskingsdata, og kommenterte sakene samla (under).

O-32/26 - Internrevisjonsrapport - Forvaltning av sensitive forskningsdata

Rektor orienterte kort om hovudfunna i revisjonsrapporten.

FF ser at det kan vera trong for obligatorisk opplæring av tilsette både i personvern og i handtering av sensitive forskingsdata. Bruken av KI reiser fleire problemstillingar som gjer det nødvendig både med opplæring, bevisstgjerung og sertifisering på desse områda. FF etterlyser også eitt felles avvikssystem.

Akademikerne er samd med FF i behovet for opplæring, men understreka behovet for å ha dedikerte ressursar innanfor begge felt. Akademikerne peika også på behovet for ei tydeleg plassering av ansvaret for at studentane får den nødvendige opplæringa til å handtere denne type data.

Rektor er samd i behovet for opplæring og at tilsette må rustast på desse områda. Ein må ta innover seg at det å vera tilsett i HVL fordrar kunnskap om personvern. Tilsette må kunne handtere personopplysningar og sensitive data, og ein må kunne bruke dei systema vi har for dette.

Rektor understreka behovet for tillitsvalde si involvering i arbeidet med å profesjonalisera HVL, både med omsyn til personvern og i arbeidet knytt til forvaltning av sensitive forskingsdata.

O-33/26 - Eksterne styremedlemmer i høgskulestyret 2027-2031 - prosess

Rektor orienterte kort om hovudlinjene i prosessen.

O-34/26 - Tilsett eller valt rektor ved HVL

Rektor orienterte kort om bakgrunnen for at saka kjem på sakskartet. Saka vart teke opp av styremedlem Tom Are Trippestad i førre styremøte under eventuelt. Trippestad har i ettertid også levert eit skriftleg innspel til saka.

Rektor vil gje styret ei orientering om saka og samstundes skissere korleis styret kan jobbe vidare med den, dersom dei ønskjer saka utgreidd. Saka er omfattande i den grad den rører ved koplinga mellom den faglege og den administrative verksemda i HVL.

FF stør at denne debatten kjem opp no. Timinga er også god med omsyn til neste åremålsperiode. NTL stør også ein prinsipiell diskusjon kring tilsett eller valt rektor.

O-35/26 - Orientering om HVL si deltaking i Horisont-prosjekt med israelske partnerar

Rektor orienterte kort.

O-36/26 - Universitetsprosjektet - munnleg statusoppdatering til styremøte 5/2026

Rektor orienterte kort om status i universitetsprosjektet.

O-37/26 - Status for arbeidet med utvikling av nordtomta i Bergen - styremøte 5/2026

Rektor orienterte kort om status i saka.

Referatsaker

O-38/26 - Orienteringar frå rektor - styremøte 5/2026

Rektor informerte kort om dei orienteringane han vil gje styret.

Eventuelt

UDF informerte om at forbundet sentralt har sendt eit brev til HVL styret og spurde om styret har motteke dette brevet.

Rektor svara at brev frå eksterne aktørar går direkte til styremedlemane. Brevet kjem ikkje som vedlegg til saklista.

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ingen handskrivne signaturar.